

Vengjeslag over hav

Av Tore Ørjasæter

No er eg skald, og difor eg spår
fram i vår tid som ein vismann:
Fridom og folkerett ein gong rår
både på Færøy og Island.
Noreg det nækjer med sorg sine sår
Færøy, Island!

Åndeleg samband med frendefolk
fast som i forntid skal tvinnast
inn i vår soge, ho vert den tolk
som gjev oss mod til å minnast:
Det som vi tapte i nedgangsbolk
att skal vinnast

Ættkjensla aukar eit sjølvstendekrav,
tanken på fridom er komen,
veks det som vengjeslag over hav,
dønningstungt innunder domen;
andar med liv ifrå federnes grav
atterljomen.

Ser eg ei ljøsning på nordhimlen stor,
ljøneld som slær ned med tordøn.
Eldskin og isglans i bergom der nord,
krafti som kveikjest er norrøn:
åndi stig fram i dei norrøne ord
som ei morsbøn.


Medan Europa øyder sitt blod,
livskraft i nordlandom kveiknar;
gjort av det gamle norrøne to,
enno det var ikkje veikna.
Soli skal renna med reinskirsla glo
fyri ho bleiknar.

Soli skal renna når natti er all
og sine dagstrålar sende;
enno skal nordland kjenna sitt kall;
soga ho kjem med eit vende.
Skuggan' kjem tidsnok med langsame fall
over lende.

Her attgjeve etter Vers på Vesterveg, s 54 og 55, utgjevi av Norrønalaget Bragr i 1985.

20. september 2008 i Köln var historisk

I dette nummeret tek me serskilt fyre oss antiislamiseringskongressen i Köln i september 2008. Me trur at det som skjedde på denne kongressen var ei historisk hending. Grunnleggjande rettar som møte- og yringsfridom vart sett ut or kraft - og det i ein symbiotisk vekselverknad millom valdelege vinstreestremistar, Politi og politisk korrekt etablissement. I Noreg var Dagbladet med Marte Michelet det einaste organet som var på staden og dekte det som skjedde - men dei hadde ikkje teke med i reknestykkjet av Målmannen kunde presentera korrigjerande informasjon. Mykje av dette nummeret kjem difor til å taka fyre seg det som hende i Köln denne dagen.



I dette nummeret:

Lars Bjarne Marøy:	Drammen - Innlandsby med sjøfartshistorie	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Kjernesaker	s. 3
Thoralf Bergwitz:	Sørlandet og Telemark - eller Agder og Grenland?	s. 4
Olav Torheim:	Fransk metal	s. 5
Olav Torheim:	Antiislamiseringskongressen i Köln	s. 6
Olav Torheim:	Islamkritikarane viste styrke i Köln	s. 9
Kenneth Kiplesund:	Jødane i biletkunsten	s. 11
Thoralf Bergwitz:	Den trojanske hesten i målrørsla	s. 14
Lars Bjarne Marøy:	Sterk framstilling av livet til afro-amerikanarar på 1900-talet	s. 15

Drammen - Innlandsby med sjøfartshistorie

Av Lars Bjarne Marøy

*Drammen er sangens og sommerens by
men minner den litt om Florens
er halve æren for dette ry
Bragernesåsens og fjordens
(Herman Wildenwey)*

Ukunnige folk ser fyre seg Drammen som ein stygg forstadsby til Oslo. Dei assosierar gjerne byen med litt enkle og yverflatlege menneske som legg mest vekt på det praktiske, jordnære og folkelege. Drammens vassdraget hadde eit dårleg rykte på seg minst frå 1970-talet og framyver mot 1990-talet. Det var ureina og lite byvore og eigna seg ikkje so godt for friluftsliv og rekreasjon. Det var iallfall eit slags bilete som vart skapa av byen og som ser ut til å vera nokso fastfrose millom dei som berre kjenner byen umveges og hev dana seg fordomar um den røynelege stoda.

Det er lett å gløyma at innlandsbyen Drammen er ein elveby og ein internasjonal skipsfartsby med lange tradisjonar. Sant og segja må dette vera ein av dei mest allsidige sjøfartsbyar ein kann tenkja seg. Lenge fyre Panama-kanalen vart opna fylgde folk frå Drammen i den kjende sjøfararen Magellans fotspor, han som hev fenge Magellanstretet oppkalla etter seg. Ikkje berre runda dei Kapp Horn, men dei kom seg heilt opp til vestkysten av det som i dag er Sambandsstatane. Det var på den tidi då Spania og Russland sovidt hadde byrja å verta utfordra på å kunna møtast i tevling um nytt land på den sida av Sambandsstatane.

Drammensvassdraget kann knytast saman med alt frå Tyrifjorden til Horten og den norske kyststripa. Det glupe med Drammenselvi er at den let seg nytta av store båtar. Der Glomma kjem til kort er Drammenselvi djup og breid. Det er ikkje rart at både hollendarar og engelskmenn såg seg tente med å koma til Drammen for å henta timber.

Drammen hadde alt frå gruvone ved Kongsberg til Blåfargeverket ved Hokksund til den reine skipsferdsla og timberet å byggja på. Byen vart kort og godt allsidig både som klas-sisk innlandsby og som ein litt utypisk sjøfartsby. Avstanden til Horten var snøggast når ein skulde ut på havet, samstundes var det ikkje altfor langt å koma seg inn til Oslo. Kombinasjonen av alle desse faktorane og fleire gjer Drammen til noko allsidugt og utettervendt.

Det var her nye impulsar fyrst vart fanga opp av so ulike personlegdomar som Åsmund Olavson Vinje som skreiv i Drammens Tidende frå 1851 til 1859, Markus Trane som starta ei folkerørsla og Per Sivle den nasjonale diktaren som rørde eit heilt folk med vossastubbar, historiske dikt og ikkje minst med den takande historiske samtidsromanen Streik, ein roman

som vekte åtgauum og som vart lesen av mange i Drammen som ei påmning og ein kveik etter storstreiken i 1881. Ikkje berre dei ovanfor kann nemnast. Hermann Wildenwey må trekkjast fram og Betsty kjeldsberg. Drammen samla og upp idrottsutøvarane frå ulike kantar av Buskerud. Mange vil kjenna Sten Stensen, Johan Olav Koss, Thorleif Haug og fleire.

Byens definitive utsiktspunkt er toppen som ligg over den sokalla spiralen. Gjennom ein bil-tunnel av dei sermerkte kjem ein upp til eit framifrå panorama yver Drammen. Her kann ein sjå mot Mjøndalen og Hokksund. Og dei som vil kann spassera eller springa rundt i naturfagre umgjenvader eller taka seg ein kopp kaffi på attraksjonskaffeen som ber namnet Spiralen.

Det er elles òg ein nydeleg spasserveg langs elvi like frå jarnvegsstasjonen og frameter. Dei siste tiåri hev handelsstanden og kommunen bygt ut og gjort byen mykje trivelegare for reine lysturar i sumartidi. Serleg storfeldt er bylivet under den sokalla elfefestivalen. Då er det båtrace på elvi. Det ligg gondolar ved elvbreiddi, folk kjem inn med småbåtar legg til kai og kosar seg. Det er konsertar, nattope og mynstring frå heile kulturlivet i byen. Då er det vanskeleg å segja anna enn at Drammen er vel so idyllisk som ein sørlandsby.

Med kvart som tomteprisane stig i Asker og folk vil bu nært Oslo, vil Drammen kunna tilby eit byvore og spanande kringvære for ulike typar menneske, so langt til nokso gunstige prisar samanlikna med i Oslo og næraste umkrins. Byen hev både ein lang historikk yver fleire hundreår og gjenge gjennom ei sers vel-lukka oppgradering både av bymiljø, natur og tilrettelegjing for turistar og fylling av sentrumsfunksjonar for heile Buskerud.

Drammens museum er eit sersyn. Her kann ein sjå lystgardar frå slutten av 1700-talet då Drammen hadde ei stordomstid til liks med andre norske sjøfartsbyar som kunde profitera på å frakta varor i krigstid, medan tvillingriki var nøytrale. På grunn av den allsidige næringsstrukturen i Drammen var det sume borgarar som slapp undan å gjera dei busliti som so mange norske handelsmenn gjorde etter og i samband med Napoleonskrigane. Men Drammen var avhengig av handelen med Storbritannia og den britiske blokaden og seinare prioritering av Canadisk timber slo inn her òg.

Den av dei nolevande poetane som er mest glad i Drammen må vera Kjell Erik Vindtorn (fødd 31. juli 1942 i Drammen). Han er ein norsk lyrikar og artist. Han er ofte omtalt som Noregs einaste store surrealistiske diktar. Han debuterte i 1970 med samlingi Sentrifuge.

Vindtorn er òg kjend utanfor Noregs grensor og hev hausta applaus for diktopplesingane sine i Mexico, USA og Japan. I Tyskland er dikti hans utgjevne på plata. Vindtorn hev gjeve ut nærare 30 diktsamlingar sidan debuten i 1970. På 1980-tallet var han med på å starta gruppa stuntpoetane. Han bryt gjerne med vanlege språklege reglar, slik at dikti av og til kan verke «meningslause». Ofte bruker han viltre ordspel, ikjøting av livlause ting og personifisering av abstrakte umgrep.

Vindtorn hev saman med fotografen Devegge Ruud gjeve ut boki Drammen i 4 temperaturar. Her kjem Vindtorn med mange strålande observasjonar av byen, og Ruud syner fotografering med stor observasjonsgleda. Det er verkeleg tvo bykjennarar som gjev seg i kast med å skildra byen både for innfødde og for andre interesserte.

Innleidingsdiktet "Vår collage" segjer mykje um Vindtorns leik med ord. Eg tek med fyrste strofa:

*bildene av byen samler seg på netthinnene hver dag,
alle inntrykk vi bære i posene gjennom årene,
alle vekslende stills og fargekorn som byfilmen kjører,
for oss tilskuerne gjennom døgnnet og årenes sceneskift,
alle våre egne opplevelser gjennom gatene og over broene,
natt og dag under fargebildenes utallige himler...*

Det er ordrike diktarar som kjem frå Drammen. Wildenwey var som Vindtorn ein språkmeister. Både med dikt som krev konsentrasjon og innlevingsvna. Umvendt var det nok med Vinje. Etter det forskarane meiner var Oslo-reportasjane til Vinje med på å gjera avisspråket enklare og klårarare. Drammen er kor som er ein by som hev rom for det meste og gjerne det uventa. Difor var det at impulsane frå 1848-revolusjonen kunde nå drammensaren Marcus Thrane fyre andre nordmenn hadde tenkt på uppreistar. Tidleg ute var òg Bestsy kjeldsberg som arbeidde for kvinnesaki. Og i dag når altso Vindtorn fram so langt burte som i Mexico. Drammensarane er ikkje berre lokalpatriotar, men internasjonalt orienterte. Det er som med bergensarane. Når bergensarane vert oppfatta som litt brautande og enkle, so er det av di dei er vane til å kom i kontakt med folk. Det er sanneleg drammensarane òg.

**Hugsa bladpengane for
2009!
Giro er stifta inn i bladet.**

Kjernesaker

Lars Bjarne Marøy

Kva er kjernen i målsaki? Dette spørsmålet dukka opp då ein kjend målmann ikkje vilde tinga Målmannen. Bladet held seg ikkje til kjernen i målsaki, heiter det seg visst millom sume målfolk.

Dette med kjernen i målsaki burde vera nokso lett å gripa tak i. Det fyrste er alt som hev med sjølve målet å gjera. Det neste må vera å få målet utbreidd på alle umkverve.

Det absurde med målsaki er at ein sjeldan fær høve til å lyfta augo yver diskusjonane kring målet og korleis målet skal sjå ut. Attåt dette kjem det at dei som meiner noko um målet som regel hev klåre ideologiske yvertydingar som dei fører yver på målet og på korleis dei vil at målet skal sjå ut og på kva måte målet skal nå ut til nye brukarar på.

På 1800-talet var målsaki og målmennene liberalistar og romantikarar. Då var merkeleg nok målet etter måten einskapa. Seinare, og serleg etter di sosialismen hev gjort seg gjeldande millom målfolk, hev målet vorte meir oppkløvt. Ein skulde tru at det var liberalistane og romantikarane som vilde kløyva opp målet med ulike rettskrivingar, men det er snarare rasjonelle sosialistar som hev gjort at målrørsla hev vorte til ei rørsla med so mange rettskrivingar at det i fyrste umgangen ikkje hev late seg gjera å taka ei samla oppgjerd med samnorskdragi i nynorsken.

Dei som ropar høgast um tvang når det gjeld å halda uppe fridomen for målføri er samstundes i fleire høve dei som vil ha so mykje tvang som råd når høgorskformene evt. skal ut or nynorsk rettskriving.

Andre samlar seg um midstraumsnynorsken og meiner tydelegvis at andre spørsmål enn rettskriving er viktigare for målsaki.

Det er desse sistnemnde kritikarane av Målmannen som det er interessant å sjå nærare på. Dei hev tydelegvis lyft augo frå rettskrivingsspørsmålet. Når dei meiner at Målmannen tek opp spørsmål som ikkje gjeld det sentrale i målsaki, må ein spyrja seg: Finst det serlege saker som alle målfolk skal eller må interessera seg for?

Utfrå det eg sette opp som dei tvo viktigaste måli for målsaki, må eg segja nei. Tvert imot vil ei slik tilnærming koma på kollisjon-skurs med full utbreiding av nynorsken på alle umkverve. Og det må då vera kjernen i målsaki?

Skal ein forstå målfolk og kannhenda òg me attum Målmannen, må ein difor vidare til ei tridje kjensgjerning som vel neppe er kjernen i målsaki, men som likevel ser ut til å vera vandsleg å lausriva frå kjernen i målsaki. Det



er likt til at mange målmenn hev ein sams ide um at målsaki er ei sak som må samla saman visse trådar gjennom historie og samfundssyn og kann henda òg gjennom gransking av norsk mål.

Målsaki hev i grunnlaget sitt vore knytt til ei oppfatning av det norske. Det er vanskeleg å sjå fyre seg nokor legitimering av målsaki utan at ein ser fyre seg ein norsk nasjon som byggjer på sams saga og dei same tradisjonane og liknande. Det vil naturleg nok føra til at mange målfolk vil vera skeptiske til å gå inn i yvernasjonale unionar eller samanslutningar. Difor er nok dei fleste målfolk EU-motstandarar, men høyrer dette til kjernen i målsaki? Mange vil meina det, men djupast sett kann det finnast målmenn som gløder for EU og vil at nynorsken skal vera eit mindretalsmål innanfor EU. Då trur dei at framtidi for nynorsken er berga. Fleirtalet av målmennene trur likevel ikkje på dette synspunktet, og det er ingi rørsla som ber fram dette synspunktet med full tyngd og seriositet.

Fleirtalet av målmennene hev òg semjast um at nynorsken skal vera sidemålet for bokmålsbrukarane. Det finst undantak, men det finst ikkje nokor organisert rørsla av nynorskbrukarar som arbeider mot sidemålsstilen.

Ei onnor sak som ligg mange på hjarta er bruk av målføre. Det let til å vera burtimot konsensus i målrørsla um at alle skal kunna bruka det lokale eller heimlege målføret sitt i alle samanhengar. Dette kunde ein òg kalla ein kjerne i målsaki, men dette må då vera beint undergravande i mange høve. Når ein skal bruka nynorsk som skriftmål, må det vera det yverordna at ein rettar talen sin etter det som er sams for brukarane av målet, heller enn å halda fast på det som er avstikkande og berre høyrer til ei liti gruppa av målbrukarar.

Finst det andre kjernverdier. Ja, målfolk er upptekne av nasjonale symbol som 17. mai, flagg og av å finna fram til sermerkte sidor ved det norske, dei vil som Wergeland finna

Målmannen

Utgjevar:
Samorganet Målmannen

Tilskrift:
Målmannen
Njårds veg 10
2214 Kongsvinger

Bladstyarar:
Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 62 81 43 95
Mobil 99 15 64 28

Netstad:
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.l

attende til samanhengen millom sjølvstende i norrøn tid, folkelivet under dansketidi og koma fram til notidi, der alt vert samla i målsaki som eit meiningsskapande prosjekt.

Dette er vel jamt og samt slik målrørsla vil presentera kjerneverdiane sine. Attåt dette kjem det at det finst mange sosialistar i målrørsla som ser kampen for nynorsken som ein strid mot dei leidande samfundskreftene. I den mun dette kann reknast for ein kjerneverdi kring målsaki er det naturleg nok ei undergravingslina, av di det strider mot tanken um at målet skal nyttast på alle område. Det kann ikkje harmonera med å gjera kampen mot yverklassa til ein kjerne i målsaki.

Det er innanfor den siste kjernverdien at me i Målmannen truleg kjem mest i konflikt med resten av målrørsla. Me vil ikkje binda oss til å arbeida for eller mot ei gruppering i samfundet. Me vil helder ikkje underleggja oss eit politisk korrekt syn på spørsmål som gjeld religion, innvandring, synet på sambandsstatane eller andre utanrikspolitiske spørsmål.

Ei kjernesak i dag sèt frå vår ståstad, vil vera å utbjoda Frp og Høgre i målsaki. Desse partii burde slutta opp um målsaki på sine eigne premissar. I staden for å berre driva arbeid mot sidemålsundervisning, burde dei visa korleis ein kann fremja målsaki ut frå ein borgarleg synsvinkel. Det kann ikkje vera slik at eit politisk parti skal få sleppa undan med å vera mot nynorsken, slik det ser ut i dag.

Sørlandet og Telemark - eller Grenland og Agder?

Av Thoralf Bergwitz

Kvar ligg det landet som me kallar GREN-LAND? Og kor stort er det? Kva for bygde-lag femnar GRENLAND um? Og kvi heiter området GRENLAND? Er GRENLAND eit gamalt navn? Eller er det ei nylaging som t.d. SØRLANDET? Og hev GRENLAND like diffuse grensur som SØRLANDET?

Nylagingen "SØRLANDET" – er i ferd med å trengje undan det tradisjonsrike namnet Agder og GRENLAND hev på ei vis lidd den same lagnaden som "AGDER" – det er vel ikkje so langt undan sanningi - i og med at TELEMARKE hev gløymt heile Grenland?

Det kunde ha vori forvitnelegt å taka ei ferd rundt til dei bygdelagi som frå gamalt av vart rekna til Grenland - og spurt folk um kva dei visste um GRENLAND. Kor lite kunnskap det råder um emnet i dag kann aldri verta berrlagt. Det er vel elles ikkje so viktugt å få berrlagt kor lite folk veit. Viktugare må vera å hente fram kunnskap - kunnskap som mykje truleg er lite kjent, men som det kann vera verd å taka med seg i skreppa - jamvel um denne kunnskapen ikkje gjev mette magar.

Det var då eg såg at "grenirne" sjølve ymta um at dei kunne tenkje seg å lansere GRENLAND som "TELEMARKE SYD" - for turistane - at eg fekk hug til å granske litt um denne landsluten. Det undrar meg òg at det er "grenine" sjølve som tykkjer at landsluten deira ikkje er god nok i seg sjølv, og soleis vil lansere landsluten sin under falskt navn.

Hev ikkje GRENLAND rike nok tradisjonar? Hev ikkje GRENLAND gode nok naturtilhøvi å bjoda turistane. Vil dei løyna den ureine lufti - dersom ho enno finst? Og soleis narre turistane - som då kjem til å kjenne seg snytte?

Dette er spursmål som er aktuelle for Grenland, og som er endå meir relevant for AGDER. I desse jubilæumstider for "SØRLANDET I HUNDRE" – so er me i ferd med å radere ut det mest tradisjonsrike navnet på landsluten vår – AGDER! Gjerer me dette med godt samvit ? AGDER hev røter attende i meir enn 1500 år – SØRLANDET er eitt hundrad år !

Eg skal ikkje segja noko um naturtilhøvi og lufti i GRENLAND. Eg fekk berre hug til å finne ut litt um navnet GRENLAND og eg vonar at andre vil hava glede av å fylje meg på mi ganskingsferd gjennom bøker som aldri elles vert lesne. Det kann vera av interesse med ei liti jamføring i denne navneraserin-gens tid.

Kor mange "grenir" visste t.d. - kven Harald Grenske var? Og kvi han heitte

"GRENESKE"? Kven visste at han var far åt sjølvaste "helgenkongen" - Olav Haraldson? Og kven visste at han heitte "GRENESKE" fordi han var oppfostra i GRENLAND? At han var son åt vestfold-kongen Gudrød Bjørnson - som var son åt Bjørn Farmann - som var ein av sønneine åt den hårfagre Harald, er truleg ikkje so viktugt i denne samanhengen. Men soleis var det - etter Snorre-soga.

I skaldekvædet Ynglingatal (vers 35) vert det sagt at GRENLAND høyrde med til riket åt vestfoldkongen Olav Geirstad-alf som var son åt Gudrød veidekonge og halvbror åt Halvdan Svarte - som me veit var far åt den hårfagre Harald.

Morfar åt Halvdan Svarte - Harald Herbrandson den granraude - er òg ei gong nemnd som Harald Grenske avdi han var konge yver Agder og GRENLAND.

Kor mange "grenir" veit i dag at Lange-sundsfjorden i gamal tid heitte GREN-MARR? Og at "MARR" tyder "hav"?

Stadnamngranskaren og målgranskaren - vinbyggjen - Eivind Vågslid kom fram til at ordlekken "gren" kjem av det gamalnorske ordet "grøn" som tyder grøntre (gråntre). Ordet kann òg tyde lippesjegg – dvs. noko som er kløyvd – som dessutan kann tyde elvar som deler seg – greinar seg. Her er soleis tvo alternativ til tyding av namnet. Det er mogleg det siste er det rette opphavet til namnet – dersom det var slik at grånskog ikkje fanst so tidleg som då landsluten fekk namn. Men er det slik som Vågslid segjer, so må det ha vori slik at landskapet hev truleg difor - frå dei eldste tider - vori dekt med grønskog. Difor fekk folket som budde i dette skoglandskapet nemningen "grenir". Og fjorden (havet) ved skoglandskapet fekk namnet "GRENMARR" dvs. havet ved grønskoglandet.

Vågslid meiner at landskapet fekk namn etter namnet på folket. M.a.o. av nemningen "grenir" kom namnet GRENLAND. Vågslid meiner dessutan at det må vera folk utanfrå Grenland som frå fyrst av gav folket namnet "GRENIR". Det er visseleg ikkje uvanleg at det var sø. Det må ha vori so med "telir" òg - um folket som budde i ðelamørk den tid då landsluten fekk namn. Og mangt tyder på at det må vera sameleis med landsnamnet "NORDRVEG" (dvs. vegen mot nord) som er den eldste utgåva av namnet på landet vårt.

Kor gamalt kann namnet "Agder" vera? Me hev no sett at - Harald Herbrandson den granraude – rådd yver Grenland og Agder. Han var morfar åt Halvdan Svarte – som var far åt Harald Hårfager. Det må vera på 700-

talet at dette namnet er nemnt.

Men me skal sjå at namnet – som visseleg må vera ein fyrigangar til namnet AGDER hev endå djupare røter.

Eit sokeskrift um gotane (henta fram og granska av Eivind Vågslid) - som ein romersk-gotisk sokeskrivar hev skrivi, kann gjeva ei rettesnor.

Den her nemnde saga er skrivi i året 501 e.k. Soga heiter på latin: "De originale actibusque Getarum" - og skrivaren - som het JORDANES - nemner der mange einskild-folk i norderlandi - millom deim "Raumarici" og Aeragnaricii. Desse tvo folke-namni vert til vanleg lesne "Raumariciae" og "Ragnaricii" som kann tyde raumarikingar og ranrikingar um folk som bur i Raumarike (Romerike) og i Ranrike. Det siste kann òg tolkast til Ringerike, segjer Vågslid - for Aer svarar til gamalnorsk Hr i Hringariki, og etter det me ser lenger nede i det same skrevet, so er det siste nærast den rette tydingi .

Umfram desse tvo riki, so nemner Jordanes nokre norske tjordir (folk) som han kallar: GRANNI, AUGANDZI, EUNIXI, TAETEL, RUGI, AROCHI og RANNI. Jordanes segjer òg at desse tjordir hev havt ein sams konung som het Roduulf. Det siste tjordnamnet "raniir" - finst òg skrivi "rami", "ranni" og "rauni. Dette svarar truleg til det gamalnorske "ræinir" um ibuane i Ranrike, Bohuslän.

Augandzi stend truleg for "egdir" um folk som bur i Aust-Agder, "Granni" svarar tydeleg til det gamalnorske ordet "grenir" um folk som bur i Grenland. TAETEL kann tyde "telir" - um folk som bur i Telemark, men meir truleg er at det tyder "døilir" og at det tyder folket som budde i dalane millom strandbygdane i Aust-Agder og Rogaland. Rugi er tydeleg det same som gamalnorsk rygir um folk som bur i Rogaland. "Arochi" svarar truleg til gn. hordar.

Riket åt Rodulv mun difor ha femna um strandbygdene frå og med Bohuslän i aust til og med ytre Hordaland i nordvest. Kongsnamnet Roduulf svarar truleg til det gamalnorske mannsnamnet Hrøðulfr som er kjent frå Bohuslän og Brandbu.

Dette skriftet frå året 501 er visseleg det eldste skriftet me kjenner um namnet "gren" og "grenir". Og dersom Taetel skulde tyde Telemark, so er truleg det den eldste utgåva av namnet på det noverande fylket. Og dersom AUGANDZI er namnet på folket i Aust-Agder, er sameleis "Augandzi" den eldste kjende utgåva av Agder-namnet.

Jubilæet for namnet "SØRLANDET" hev som motiv å verne um ein tradisjon. Det

å verne um tradisjonar er verdfullt. Men dersom verning av ein tradisjon fær ein verknad som motvirkar ein annan – og kann hende mykje meir verdfull tradisjon, kjem me ikkje då i ei underleg stode til verning av tradisjonar?

AGDER-namnet hev ein tradisjon på

1500 år – Sørlandet hev ein tradisjon på 100 år.

Dersom me meiner seriøst å verne um tradisjonar, so trur eg me lyt velje! Sett litt fram i tid, so er det ikkje rom for baa namni. Det er ingi skåm å snu !

Fransk metal

Av Olav Torheim



Lyda nøgje etter, for eg segjer dette berre ein gong, som det heiter i den kjende TV-serien. Det eg tenkte å gjeva dykk Maalmannen-lesarane litt innside-informasjon um no, er nokre lokale metalband frå Alsace/Lorraine i Frankrike som eg trur hev gode utsikter til aa naa langt.

Fyst ute er bandet Sekmeth, som såg dagsens ljøs i 2001 og som i år hev gjeve ut demoen "An oppressive day". Bandet spelar daudmetall og dei hev jamvel tvo vokalistar som sekunderar einannan, den eine med skriking og den andre med reine vokalar. Fyrste gongen eg høyrde dei so forstod eg ikkje heilt kva han som song rein vokal hadde der aa gjera, men etter

nokre gjennomhøyringar so fungerer det. I den eine augneblinken so lyder det mest som den finske daudmetallgruppa Children Of Bodom, i det neste roar dei ned og reinvokalisten yver tek i same stil som eit anna finsk band, mjukmetalbandet Sentenced.

Um du er forviten so kann du klikka deg inn paa Myspace-sida der, som du finn på <http://www.myspace.com/sekmethband>.

Den neste gruppa eg vil nemna er daudmetallbandet, eller rettare sagt ekstremmetalbandet, Agon. Fyrste gongen eg høyrde Agon var på ein konsert på Molodoi i Strasbourg, og eg må segja det at det gav meg litt av den same kjensla som då eg høyrde Cannibal Corpse for fyrste gongen som 15-åring. Og eg var nok ikkje den einaste som upplivde det slik, for publikum vart berre heilt ville og stemningi tok fullstendig av.

Medlemene i Agon er frå Mulhouse og gruppa vart skipa i 2002. Som eg allereide hev nemnt so spelar dei einfeld og ende- fram daudmetall av same amerikanske merke som Cannibal Corpse og Napalm Death, og i år sleppte dei endeleg debutskiva "Violence Procreation". Du kann vitja gruppa på Myspace-sida <http://www.myspace.com/agondeath>.



Agon stend på scena på Molodoi i Strasbourg.

Kvar gjeng Mållaget?

På landsmøtet i Mållaget hev dei diskutera normering. Dette er ei sak som dei ikkje er serskilt interesserte i å diskutera, sidan dei offisielt meiner det er andre grunnar enn rettskriving til at nynorsken ikkje vinn fram (rettare sagt, sjølve freistar dei lura seg sjølve og andre til å tru at nynorsken stend sterkare enn nokon gong med ein halv million nynorskbrukarar). Mållaget hev likevel greidd å samla seg um ei fråsegn - der dei nett som det stend i sogebøkene slær fast at språkpolitikken i fyrre hundradåret var basert på tilnærming, og at det er dette som hev ført til at nynorsken er slik som han er i dag. Derimot vågar dei ikkje segja noko um tilnæringslina var bra eller dårleg, dei berre konstaterer at tilnæringslina ikkje lenger er aktuell, for det hev styresmaktene alt slege fast. Og når det er sagt, so er resten av fråsegnen ei blankofullmakt til Språkrådet med å gå vidare med den varsla umboti der dei skal fjerna tradisjonelle nynorskformer som er "lite brukte" og elles flytja nynorsken endå litt nærare bokmålet.

Odin Omdahl frå NMU protesterer på vår framstilling. På Målmannen sin netstad skriv han at:

No må du for all del ikkje tru at Noregs Mållag er ein samla organisasjon. Dette elendige framlegget gjekk gjennom medan rett under halve salen hadde fyretrekt eit mykje meir konkret og mykje betre framlegg frå Voss mållag. Dette er det same framlegget som NMU sitt landsmøte gjekk inn for. Eg vart vonbroten av å få eit so dvaskt, keisamt og inkjeseiande normeringsutspel - men er likefullt medlem av Noregs Mållag og var på landsmøtet. So på same måte som «nynorskforkjemperane» ikkje er ei gruppa so er heller ikkje Noregs Mållag det. Ikkje i normeringssyn i alle høve. Eg vart faktisk positivt yverraska yver at nesten halvparten av salen hadde gode meiningar; eg trudde nesten heile Noregs Mållag var samnorske, dvaske, halvbokmålske og keisame.

Dvergemålet

Anti-islamiseringskongressen i Köln - Dag 1 og 2

Av Olav Torheim

19.-21. september 2008 skulde det vera anti-islamiseringskongress i Köln. Tilskipar var den lokale gruppa Pro Köln – som hev kjempa mot den nye og gigantiske stormoskeen som skal byggjast i Köln – og med seg på konferansen fekk dei aktivistar frå innvandrings- og islamkritiske parti frå heile Europa, med belgiske Vlaams Belang og italienske Lega Nord som dei største og viktugaste. På kongressen skulde trugsmålet frå fundamentalistisk islam takast opp til seriøse dryftingar, og med i programmet skulde det vera ein guida busstur til problebydelar i Köln – der utsendingane kunde få sjå multikultur i praksis.

Sidan det ikkje er moglegt å halda eit innvandringskritisk arrangement utan at motdemonstrantar og vinstretradikale berm møter fram for å laga kvalm, var sjølve kongressen, som samla eit hundradtals delegatar, halden på ein hemmeleg stad. Men på fredagskvelden skulde det vera open pressekonferanse der media var invitert, og laurdagen eit stort folkemøte i sentrum av byen med appellar frå dei mest prominente innvandringskritiske politikarane som var til stades på kongressen. På dette opne møtet vona Pro Köln at dei kunde samla meir enn tusund menneske. Både anti-islamiseringskongressen og folkemøtet var varsla til styresmaktene mange månader fyreåt, og jamvel um dei politisk korrekte styresmaktene i Köln gjorde alt som stod i deira juridiske makt for å få hindra kongressen, vart det sistpå gjeve løyve til å halda folkemøte på Heumarkt i gamlebyen i Köln. Politiet rekna med at det kom til å dukka upp 1500 islamiseringskritiske demonstrantar – og upp til 40.000 motdemonstrantar – og 3000 politifolk vart difor kalla inn for å halda kontroll med folkemengdi.

Kongressen vart typisk nok fordømd yver heile det politisk korrekte spekteret i Tyskland. Endåtil innanriksdepartementet, som burde ha nok å tenkja på med korleis dei skal halda ro og orden når gatone er fulle av valdeleg vinstreorientert berm, gjekk ut og fordømde kongressen. Ja, so langt burte som i Iran gjekk den fundamentalistiske islamske presidenten Mahmoud Ahmadinejad ut med krav um at EU måtte gripa inn og forby kongressen (nett difor skulde det vel vera eit poeng i seg sjølv å trassa dei fundamentalistiske islamske kreftene).

At det kom til å verta eit valdelegt utfall um demonstrantar og motdemonstrantar kom i kontakt med einannan – vart klårt nok allereide fredagskvelden, då det var tid for den fyrste pressekonferansen. Stutt tid fyre konferansen skulde haldast, fekk journalistane



Pressekonferanse på Rhinen.

vita at møtet skulde haldast umbord i ein restaurantbåt på Rhinen. Men politikarane og journalistane var ikkje ein gong komme um bord i båten fyre steinane byrja å hagla frå vinstretradikale motdemonstrantar, og kapteinen vart nøydd til å leggja ut på med båten fyre alle var komme um bord. Berre eit tjugetals journalistar fekk difor vera med på pressekonferansen, men desse fekk i minsto teke rikeslegt med fotografi der me ser at båten er fullstendig ramponert med steinar som kom haglande inn gjennom glasrutene.

Helder ikkje alle dei innvandringskritiske politikarane rakk å koma seg umbord i båten. Millom desse var den tysk-jødiske Pro Köln-politikaren Michael F. Kucherov som vart ståande att på land – og deretter rundjult so hardt at han måtte på sjukehus - av den vinstretradikale mobben som ironisk nok hevda å kjempa mot «nazistar».

Vel ute på Rhinen byrja pressekonferansen – med restaurantbåten tett fylgd av politibåtar som skulde hindra motdemonstrantar i å freista borda båten. Kor som er so greidde kapteinen å manøvrera båten inn under ei bru som var full av vinstretradikale motdemonstrantar, og endå ein gong hagla steinane yver båten. Denne gongen greip Politiet inn mot kapteinen og tvinga honom til å føra båten til lands – av di dei hævda båten ikkje lenger var «sjødyktig».

Det var soleides ein tollegt amputert pressekonferanse som vart halden ute på Rhinen. Og båten var ikkje fyrr komen til lands fyre Politiet byrja stella til endå fleire problem for anti-islamistane. For neste punkt på programmet skulde vera den guida turen til problebydelar i Köln, men dette hadde Politiet no funne på at dei ikkje skulde få lov til, for etter deira syn var det å køyra ei busslast med innvandringskritiske aktivistar ikring i dei innvandrardominerte bydelane i seg sjølv ein provokativ demonstrasjon mot dei som budde

der – og dette var det ikkje gjeve løyve til.

Bussturen til dei multikulturelle problebydelane vart det soleides ikkje noko av. Men hadde dei kome til Ehrenfeld, der gigantmoskeen er planlagt oppført, hadde dei vorte møtte av ein muslimsk og tradisjonelt islamsk kledd menneskekjede som saman med Köln sin eigen borgarmeister hadde slege ring kring den lokale moskeen. Til tysk radio sa borgarmeisteren i Köln at folket i Köln er eit tolerant folk som tek fråstand frå Pro Köln (ja, det er vel difor Pro Köln er godt representerte i bystyret i Köln), og difor ynskjer dei ikkje nokon anti-islamiseringskongress i sin eigen by (det var då litt av ein toleranse). Styresmaktene i Köln hadde dessutan sett i gang ein storstelt kampanje under slagordet «Köln stellt sich quer». Millom dei patetiske slagordi som denne kampanjen valde å taka i bruk kunde millom anna høyra at «Kirche, Synagoge und Moschee – alles ist Okee».

Normalt er det borgarane i ein by som hev det privilegiet at dei kann demonstrera mot politikarane sine, men i Köln var det also politikarane sjølve som på høgste nivå sette i gang ein kampanje mot egne borgarar - borgarar som ikkje hadde nokon annan agenda enn å få arrangert eit lovlegt møte som tek upp spursmål som folk er upptekne av.

Neste morgon var det tid for det store folkemøtet mot islamisering – under slagordet «Nein zur grossmoschee – Nein zum islamisierung Europas». Kvelden fyreåt hadde motdemonstrantar planlagt å okkupera heile Heumarkt slik at ingen skulde få sleppa inn den neste dagen – men Politiet kom dei i forkaupet. Dei gjerda inn Heile Heumarkt og stengde Deutzebrücke som gjeng yver Rhinen og rett ned på Heumarkt. So langt såg det also ut til at det skulde lukkast å arrangera den fyrste store demonstrasjonen mot islamisering i Europa...

Anti-islamiseringskongressen i Köln - Dag 3

-Pøbelen aksjonerar, Politiet trenerar og PK-etablisementet applauderar

Av Olav Torheim

Dette stykkjet tek fyre seg Anti-islamiseringskongressen slik eg sjølv upplivde det den 20. september 2008. Sidan eg sjølv er kritisk til den innvandrings- og integreringspolitikken som vert førd i dag, hadde eg naturleggt nok ikkje tenkt å lata sjansen gå frå meg til å få vera til stades på det fyrste store europeiske folkemøtet der denne problematikken stod på dagsorden. Eg hadde difor tinga billett frå Strasbourg til Köln med eit tog som gjekk tidlegst um morgonen og som skulde vera framme på Köln Hauptbahnhof klokka 1000 um morgonen, tvo timar fyre folkemøtet på Heumarkt offisielt skulde taka til.

Det fyrste forvarselen um at anti-demokratiske krefter kom til å gjera alt det som stod i deira makt for å sabotera møtet fekk eg allereide på toget. Stutt tid etter at me hadde passert Frankfurt, byrja toget å slakka ned farten. På høgtalaranlegget fekk me høyra at det hadde vore «vandalismus» mot jarnbanen, og jarnbanestrekket millom Frankfurt og Köln var difor stengt.

Eg fekk seinare vita at jarnbanestrekket millom Frankfurt og Köln ikkje var det einaste som var stengt – det galdt faktisk dei fleste jarnvegane som førde inn til Köln. Ukjende gjerningsmenn hadde brent ned eit signalanlegg og på denne måten sett store luter av jarnvegen ut or spel. Til lukka fanst det ei alternativ umkøyringsruta, men her vart det naturleggt nok trafikkork når alle dei ulike togi skulde inn på det same sporet. Og i tyske media var ikkje kommentatorane seine med å leggja saman tvo pluss tvo og kopla sabotasjeaksjonen til anti-islamiseringskongressen.

Då toget mitt til slutt var framme på jarnbanestasjonen i Köln, hadde klokka allereide passert halv tolv, og det var mindre enn ein halvtime att til møtet offisielt skulde starta. Eg var snaudt komen ut på perrongen fyre eg såg at jarnbanestasjonen var fullsett med vinstreorienterte og autonome aktivistar. Eg satsa likevel på at skulde klara å koma meg fram til møtet, og gav meg i veg til Heumarkt. Det eg då fekk sjå var at yveralt på vegen inn til Heumarkt var det kjåka fullt med vinstreaktivistar og autonome – det måtte vera mange tusund av dei. Sidan eg er sopass langhåra at eg lett kann verta teken for å vera ein vinstreaktivist, freista eg brøyta meg veg millom dei, og kom meg til slutt fram til ei



Etter å ha kome gjennom den ytre ringen av motdemonstrantar, vart du stogga ein gong for alle av Politiet...

politisperring, men her var det stopp. For Politiet spurde ikkje um du var demonstrant eller motdemonstrant – same kven du var so slapp du ikkje forbi. Eg freista gå ikring heile Heumarkt for å sjå um det fanst nokon stad der det var passasje for venlegsinna demonstrantar, men stoda var den same yveralt. Fyrst måtte ein trengja seg forbi den ytre sirkelen med tusundtals vinstreberm, dinæst vart du stogga ein gong for alle av Politiet.

Medan eg freista finna ein veg inn til Heumarkt, vart eg vitne til ei rad episodar der vinstrebermen trakasserte vanlege folk som vilde inn på demonstrasjonen. I ein av episodane byrja det med at eg brått høyrde at heile gjengen med motdemonstrantar byrja gaula «Nazis raus! Nazis raus!» Eg snudde meg og såg ei gamal dama i 60-70-årsalderen koma berande med nokre handplakatlar. Attum henne kom det stormande eit titals svarkledde og maskerte Antifa-aktivistar. Heile gjengen gjekk laus på den gamle dama og freista riva frå henne plakatane. Dei hine demonstrantane tykte visst at vald mot kvinner var ei heilt kurant sak, for dei greip ikkje inn, men heilt fram med å gaula «Nazis raus!» Sjølv vart eg sopass provosert av valdsferdi at eg med fåre for å sjølv verta banka upp av AFA freista gå imillom samstundes som eg ropa «Kein gewalt» til valdsmennene. Det var likevel til ingen nytte. Plakatane vart tekne frå henne og den gamle dama vart slept ut or menneskemengdi av AFA-aktivistane og dinæst beden um å koma seg derifrå um ho ikkje vilde ha meir bråk. Ei dama som

freista fotografera upptrinnet vart fråteki fotoapparatet sitt. Og sjølv fekk eg etterpå høyra frå ein av AFA-pøblane at det var naudsynt med vald mot «nazistar». Både millom AFA-aktivistane og i motdemonstrasjonstoget elles vart anti-islamistane konsekvent umtala som «nazistane».

Episoden med den gamle dama var korkje den fyrste eller den siste som eg vart vitne til. Og mynsteret var det same yveralt. I den ytre ringen av vinstreaktivistisk og autonom berm vart alle som var mistenkte for å vera innvandringskritikarar jaga burt under utskjelling og trugsmål um juling. Dei fleste gav difor upp å koma seg fram til Heumarkt – det einaste undantaket var nokre skinheads som ikkje var redde for å taka ein slåstkamp. Då desse freista trengja seg fram med makt, vart likevel yvermakti for stor, og det endå med at Politiet måtte koma og berga snauskallane burt frå bermen – men inn på Heumarkt kom dei ikkje (og på Youtube er det seinare vorte lagt ut videoar som syner korleis motdemonstrantar gjekk til valdeleggt åtak på anti-islamistar. Søk etter “Rote nazis in Köln”, so finn du det).

På den tidi då møtet skulde taka til, var stoda med andre ord den at det var komplett umoglegt for nokon som helst å koma seg inn på Heumarkt. Dei som eventuelt skulde klara å koma seg gjennom den ytre ringen av vinstreaktivistar, vart kor som er stogga av Politiet som ikkje sleppte nokon som helst inn under noko umstende. Med kvart byrja eg difor å undra meg på um det var nokon ute på Heumarkt i det heile, og

vinstreaktivistane hadde visst tenkt på det same. Millom desse byrja det no å frettet at Heumarkt stod tomt og at anti-islamistane var reiste ein annan stad for å halda møtet sitt. Alle var likevel samde um å verta verande der dei var – og gjera det som stod i deira makt for å hindra innvandrings- og islamkritikarar å få sleppa inn.

Brått vart det likevel kjent at det faktisk no stod 80 anti-islamistar inne på Heumarkt, og at desse var tenkt å halda møtet. Vinstreaktivistane kunde ikkje forstå korleis desse 80 hadde greidd å taka seg inn, og den mest populære teorien deira var at Politiet hadde hjelpt til med å smugla dei yver Deutzebrücke og rett ned på Heumarkt. Men meir sannsynlegt var det nok at det var folk som hadde vore der heile tidi, og som hadde teke seg inn på Heumarkt um natti eller grytidlegt um morgonen – fyre alle inngangar til Heumarkt var vortne fullstendig blokkerte av bermen.

Klokka tolv skal dei åtti frammøtte ha starta med det annonserte programmet inne på Heumarkt, men det gjekk ikkje meir enn ti minutt fyre dei fekk høyra av Politiet at demonstrasjonen deira var vorten forboden. Den same meldingi vart gjeven yver megafon til motdemonstrantane på utsida – som naturlegt nok svara med stor jubel. Det byrja no å gå upp for meg kvifor Politiet ikkje vilde sleppa korkje demonstrantar eller motdemonstrantar inn på plassen, dei hadde trulegt planlagt å forby demonstrasjonen heile tidi, og då eg spurde ein av politimennene um kvifor demonstrasjonen var vorten forboden, so kunde han ikkje svara på det.



Ein leidande motdemonstrant dirigerar troppane sine med ropet: Styrk blokaden!

Avgjerdi kom frå høgare hald, men han kunde vel tenkja seg noko slikt som at ein domstol hadde kom fram til at demonstrasjonen var «forfatningsfiendsleg», svara han.

Fleire bitar byrja med kvart å falla på plass. Millom «antirasistane» frettet det at 200 «nazistar» som var på veg til møtet var vortne arresterte på flyplassen i Köln. Seinare kom det fram at det var so mange som ein stad millom 300 og 400 personar på flyplassen. Dei fleste av desse var med i det innvandringskritiske og nasjonalistiske belgiske partiet Vlaams Belang – som ikkje er noko meir «nazistisk» enn Dansk Folkeparti og Sverigedemokratane er det. Dei tilreisande aktivistane var ikkje vortne arresterte, men dei stod faste på Terminal 2 på flyplassen av di S-banen inn

til Köln sentrum var vorten blokkert av motdemonstrantar – det andre dømet på jarnbanesabotasje denne dagen.

Til avisone hev Politiet seinare sagt at dei lagde ned forbod mot demonstrasjonen av tryggleiksumsyn. Um dei 300-400 tilreisande hadde greidd å koma seg samla inn til Köln sentrum, hadde Politiet vorte nøydde til å nytta vasskanoner for å rydja ei opning i blokaden der dei tilreisande kunde få sleppa inn på plassen – men dette meinte Politiet vilde vera yverdriven maktbruk. Ein kunde vel ikkje byrja å spyla burt staut og flott AFA-ungdom berre for skuld nokre «høgreekstremistar»? Politiet som hevda å ha venta seg so mange som 40.000 motdemonstrantar kapitulerte soleides for ein mobb som toppen talde 10.000 personar (og takken frå dei kampglade AFA-ungdomane seinare på kvelden var likevel ikkje noko anna enn endå meir bråk, og det enda med at 500 autonome vart tekne i varetekt. Millom anna ramponerte dei ein busshaldeplass og sette fyr på nokre svære busdunkar som dei hadde drive og trilla rundt på. Ikkje for å stogga høgreekstremistar, slik som Marte Michelet fekk seg til å skriva i Dagbladet, men berre for å laga kvalm).

Dei 80 frammøtte Pro Köln-aktivistane vilde ikkje utan vidare godtaka at møtet som dei hadde planlagt mange månader fyreåt skulde verta forbode på staden. Dei vona i det lengste at dei tilreisande venene deira skulde klara å koma seg ned til Neumarkt, og det gjekk difor nokre timar med tingingar med Politiet fyre dei endeleg gav upp. Då eit titals av desse vart evakuerte frå marknadsplassen og yver i eit hus som stod i utkanten av det avsperra territoriet,



Mannsterkt politiuppbod, men kva hjelper det når dei berre stend og ser på at vanlege demokratiske borgarar vert trakasserte av vinstreaktivistisk ramp?

kom dei på «skothald» frå vinstreaktivistane – og nazisvin-skjellsordi hagla mot dei lokale anti-islamiserings-aktivistane. Fyre eg visste ordet av det, var det kome i gang eit slagsmål ute på plassen. Anten må det ha vore ein av vinstreaktivistane som hadde greidd å brjota gjennom sperringane, eller so må det ha vore ein journalist med pressepass som gjekk amok (på same måten som det i si tid vart helt øl yver Vidar Kleppe), for vedkomande gjekk laus på anti-islamistane med slag, spark og spyttklyso for han vart yvermanna av Politiet.

Det store fleirtalet av motdemonstrantane var anten autonome eller vinstreaktivistar i det politisk korrekte spektrumet frå Die Linke og endå lengre ut mot vinstresida. Kor mange av desse som var tilreisande er ikkje godt å segja, men eg vil tru det var det store fleirtalet. Millom anna snakka eg med trotskist-ungdomar frå Belgia og med autonome frå St. Pauli i Hamburg. Og som eg allereide hev nemnt so var jarnvegstasjonen kjåka full av med vinstretradikal berm. Men det skal nok likevel ikkje forundra meg um PK-versjonen av saki vert at «lokalfolkesetnaden» jaga tilreisande «høgreekstremistar», på same måten som med den gamle mediamyten um brumunddølar som vende Arne Myrdal ryggen. Og visselegt: Den same kvelden hadde lokalavisa i Köln ein leidarartikkel der det skulde heita seg at folket i Köln hadde «forsvart» seg mot «høgreekstremistane». Um det skulde koma til tilsvarende freistnader på anti-islamske konferansar i andre europeiske byar so vona dei at «ekstremistane» skulde verta helsa «velkomne» på den same måten der med, skreiv redaktøren på leidarplass. Og (tidlegare leidar for Raud Ungdom), Marte Michelet, som var Dag-



"[E]n gedigen motdemonstrasjon samlet flere titusen mennesker i strålende høstsol foran Kölnerdomen på lørdag", skreiv Marte Michelet i Dagbladet. Kor mange greider du å telja?

bladet si dama på staden, leverar typisk nok den same propagandaversjonen.

Mot Pro Köln og anti-islamistane var det denne gongen som elles den vanlege alliansen yver heile det politisk korrekte spektrumet millom prestar, topp-politikarar og andre respektable «samfundsstøtter» på den eine sida - og valdeleg, øldrikkande og hasjrøykande ramp på den andre sida. Men det illustrerar vel kanskje berre det «mangfeldet» som det er so viktugt for desse å forsvara? Meiningsmangfelde er det visst ikkje fullt so fjarleg med.

Og for andre gongen på rad er freistnadene på å få til eit europeisk folkemøte mot islamisering vorte slege ned. Den 11. september 2007 freista organisasjonen Stop The Islamization of Europe (SIOE) å halda demonstrasjon i Brussel, men demonstrasjonen vart forboden av di han kunde «provosera muslimar» og dimed føra til valdelege konfrontasjonar. Då

aktivistar frå SIOE og Vlaams Belang trassa demonstrasjonsforbodet og møtte fram okke som, vart dei brutalt arresterte av Politiet og frakta burt i ein politibuss (på Youtube finst det videoar som dokumenterar valdsudåden).

Som eit siste stunt freista Pro Köln å flyga eit privatfly yver byen med eit stort «Pro Köln»-banner på slep. Men det gjekk ikkje lange stundi fyre flyet fekk politihelikopter etter seg og vart tvinga til å landa: Å fljuga eit banner med «Pro Köln» var etter politiet sitt syn ein uturvande provokasjon mot dei frammøtte motdemonstrantane, og kunde soleides ikkje godtakast. Konklusjonen etter dagsens hendingar må soleides vera at frie meiningstryngingar mot islamiseringi av Europa ikkje vert tolerert – korkje til lands, til sjøs eller i lufti!

Islamkritikarane viste styrke i Köln

Av Olav Torheim

På heimesida åt Pro Köln finn me ei oppsummering av hendingane i helgi som gjekk. Medan Marte Michelet karakteriserar konferansen som ein "fiasko" og karakteriserar organisatorane som "en amatørmessig gjeng med skrytepaver", finn me på Pro Köln sine heimesidor rikeslegt med dokumentasjon på det motsette: Konferansen var både proff og vel-organisert.

Torsdagskvelden vart konferansen offisielt opna på eit torg i utkantkommunen Leverkusen. Eit hundradtals Pro

NRW-aktivistar var til stades på gatemøtet, saman med skarar av andre interesserte. Dei fæ motdemonstrantane som møtte fram vart haldne under kontroll av Politiet.

Fredagskvelden var det internasjonal pressekonferanse. For å sleppa bråk frå motdemonstrantar vart møtet halde umbord i ein båt. Medieinteresse var stor, og eit tjugetals journalistar var med på båtturen. At motdemonstrantar gjekk amok og kasta steinar mot båten, var med på å sikra framsideyver-

skriftene i avisor yver heile Tyskland og gav dei soleides berre endå meir merksemd.

I mange mainstream-media hev det vorte poengtert at både drosjesjåførar, bussjåførar og hotelleigarar vilde boikotta konferansedeltakarane. Likevel greidde Pro Köln so langt å arrangera konferansen utan vidare logistikkproblem. Det som helder aldri vert tematisert av Michelet og andre PK-media er kvifor vanlege drosjesjåførar, bussjåførar og forretnings-



Ikkje so reint fæe hadde greidd å taka seg inn på Heumarkt fyre møtestaden vart blokkert av valdelege vinstreestremistar.

folk skulde verta so ihuga etter å blanda saman forretning og politikk at dei segjer nei til å tena titusundtals kronor på å gjeva folk dei tenestone som folk hev lagt ut for. Men dei som til dømes hev lese "Sannheten skal fram" av Arne Myrdal veit litt um kva det kostar å til dømes leiga ut lokale til innvandringsmotstandarar: dei som ikkje fylgjer oppmodingane um boikott må rekna med vitjing frå AFA og ditto knusing av rutor og inventar. Til lukka for Pro Köln var det likevel mange nok som trassa trugsmål og utfrysing og som let butikk vera butikk og politikk vera politikk.

Laurdags morgon var minst 1000 aktivistar var på veg til folkemøtet i Heumarkt, og alt låg til rettes for at folkemøtet i Köln skulde verta den dagen då europeiske patriotar reiste seg og slo attende den islamske stormen mot fedrelandi våre, som bundesdagsmann Henry Nitschze so råkande sa det. Kann henda var det på dette tidspunktet at PK-etablisementet fekk panikk, og forstod at den einaste måten å stogga møtet på var å sleppa mobben laus - samstundes som Politiet vart instruert um å te seg passivt-aggressivt, som ein psykolog vilde sagt det. Og i motsetnad til dei verkelege høgreekstremistane i NPD, som alltid hev med seg minst eit hundrattals skinheads til å jaga burt valdelege motdemonstrantar, so var anti-islamistane berre vanlege demokratiske borgarar som var nøyde til å lita på at Politiet gjorde jobben sin.

Og som det gjeng fram or ein rapport frå ein av konferansedeltakarane, publisert på PI-News, so let ikkje Politiet berre vera å gjera jobben sin. Mykje kann tyda på at dei rett og slett samar-

beidde med vinstreestremistane um å lura anti-islamistane i ei fella. Pro Köln hadde på fyrehand avtala med Politiet at flest mogleg aktivistar skulde samlast på flyplassen slik at dei kunde få trygg transport av Politiet inn til byen med S-banen. Men når S-banen endeleg kjem, møter dei AFA-ungdomen i døri - som saman med Politiet nektar dei å få vera med. Ei utruleg historie, men ja, det er sant.

På bilete ser de likevel at det ikkje var so reint fæe som hadde greidd å taka seg inn på Heumarkt fyre vinstreestremistane i samarbeid med Politiet hadde stengt torget:

Og på flyplassen i Köln, der so mange som 600 menneske stod fast, vart det arrangert ein spontan pressekonferanse. Videoar frå konferansen kann lastast ned her, her, her, her og her.

Marte Michelet freistar gjera eit nummer ut av at FPÖ-formannen H.C. Strache "[til slutt] valgte å holde seg

borte" frå møtet - og karakteriserer avgjerdi som ein "ørefik" til Pro Köln. I realiteten vart H. C. Strache nøydd til å gjera ei tøff prioritering der han helder valde å senda generalsekretæren sin til Köln slik at han sjølv kunde prioritera å driva valkamp i Austerrike i den siste vika fyre det skal haldast nyval til nasjonalforsamlingi i Austerrike (at det skulde haldast nyval vart fyrst klårt i juli i sumar, etter at regjeringssamarbeidet SPÖ og ÖVP sprakk, og soleides lenge etter at anti-islamiseringskongressen var annonsert). På heimesida åt Pro Köln kann du lasta ned Strache sin helsingstale til kongressen der han orsakar at han sjølv ikkje faer høve til å koma, fyre han gjeng vidare med eit tankjevekkjande innlegg um islamiseringsstrugsmålet mot Europa.

Dei fleste rettsvitarar som hev uttala seg um saki slaer fast at det var ulovlegt av Politiet å forby demonstrasjonen framfor å rydja veg for deltakarane inn på det lovlege møtet, og dette kjem Pro Köln til å gå rettens veg for å få stadfest ein gong for alle. For allereide no er det klårt at Pro Köln kjem endå sterkare attende med ny anti-islamiseringskongress rett fyre valet i juni 2009...

Høgnorsk

Målet som ikkje vil døy:

<http://sambandet.no/ordlista>
<http://sambandet.no/grammatikk>



Spontan pressekonferanse på flyplassen med 600 deltakarar. Frå vinstre Henry Nietzsche, Markus Beisicht og Andreas Mólzer.

Jødane i biletkunsten

Av Kenneth Kiplesund

Innleiing

Korleis hev jødar og jødedom vorte fremstelt i biletkunsten innanfor den kristne kulturen? Dette er eit stort emene. Plassen tillet ikkje at ein hev fyre seg alt like grundig, eller hev fyre seg alle tidsepokar. Eg hev valt å leggja hovudvekt på den biletkunsten i millomaldaren.

Eg vil taka fyre meg forskjellige biletfremstillingar og studera korleis dei fær fram ulike fordomar til jødedommen og jødane. Det er viktig å peika på at haldningane til kyrkja påverka det timelege liv og den timelege kulturen. Difor er ikkje alle framstillingane som vert brukte som døme henta frå kyrkjelege kringvære, men dei er påverka av kyrkja. Difor vel eg å taka med slike bilete òg. Bilete frå nokre av dei aktuelle kunstverki er sette inn i teksten. (Det var diverre uråd å leggja inn alle, red)

Mange av biletfremstillingane byggjer på legendar og folketru som var levande i samtid. Mange er òg farga av teologiske oppfatningar innanfor kyrkja. Det vil difor vera naudsynt å umtala desse tradisjonane når eg skal granska bileti.

Tilhøvet iellom jødedom og kristendom

Tidleg i kyrkesoga uppstod det eit dilemma. Kristendommen var grunnlagd av ein jøde, og hadde difor sterke band til den jødiske religionen. Det "var Det gamle testamentet som "legitimerte" Jesus og hans lære" (Eitinger 1985: 28). Dette kunde ikkje kyrkja nekta for. Men kristendomen måtte òg freista distansera seg frå moderreligionen, både for å uppnå internt sjølvstende og for å verta respektert av umgjevningane. Antijudaisme, som òg vert kalla for "kristen antisemittisme" (Marendy 2005: 290), gjeng langt tilbake i tid og hev vart ved heilt upp i vår tid:

"Allereie på 200- og 300-talet stigmatiserte fleire av dei store kyrkjefedrane jødane som vantru, religiøse kjettparar og Kristus-mordarar (...) Etter reformasjonen heldt jødehatet fram både innafør den katolske kyrkja og dei nye protestantiske kyrkjene (Johansen 2004: 345).

For å få formidla bodskapen sin um lausriving frå jødedommen og jødane, tok kyrkja so og segja med alle tilgjengelege media i bruk. (Vogt 1996: 43).

Jødehatt og turban

For å kunne skilja jødane frå andre folk, vart det laga lover um at dei måtte gå med visse symbol på kleidi, til dømes. ein ring. Ein hadde òg reglar um at jødane måtte bera spesielle hattar. (Vogt 1996 : 51).

I ein samanheng er jødehatten brukt for å symbolisera vondskap. Det er i eit biletmotiv som er henta frå fasthaldingi av Jesus i Getsemane. Vi ser at Peter hogg øyra av Malkus,

Klassisk antisemittisme frå 1400-talet. Jødar vert framstelde som svin, "Judensau".



øvsteprestens tenar. (Joh. 18,10). Peter er "helten" på biletet, og hev ikkje jødehatt. "Skurken" Malkus hev derimot jødehatten som er lett å kjenna att av di han er spiss. Her fær kunstnaren gjeve uttrykk for oppfatningane um at jødane hadde skuldi for at Jesus måtte dø. Her er òg verkemidlet anakronisme brukt: Jødane hadde ikke servorne hattar på Jesu tid, men på dette biletet er ein person utstyrd med det. Noko som er vanleg i kunstnaren samtid vert altså plassert inn i ei tid der det ikkje høyrer heime. (Vogt 1996 : 37 og 53 og <http://no.wikipedia.org/wiki/Anakronisme>, 28.04.06).

Ein annan "jødeklednad", som serleg vart umtykt i det 15.århundre, er turban. Ofte kom dette plagget inn i staden for jøderingen og jødehatten. Jødane bar ikkje turban i røyndi, dette var berre eit propagandaknep som vart brukt i biletkunsten. (Vogt 1996 : 54).

Turbanen fylte fleire funksjonar. For det fyrste gav han assosiasjonar til muslimane, som på denne tidi spreidde skrekk i halve Europa gjennom krigartokti sine. Ei skulding som vart bruka mykje var at jødane stod i samband med muslimane.

I eit av bileti eg hev studert er jøden utstyrd med ein turban og skjegg (endå eit "jødeteikn"). Her stend jøden fram som ein trollmann. Han manar fram Satan av blodet frå ein krossfest gut. Her kjem òg klagemålet um at jødane var hovudansvarlege for Jesu død fram: Jøden er so gruffull og vond at han tek uppatt Kristi lidingshistorie på eit uskuldig, kriste barn. (Vogt 1996 : 54).

Jøde og Satan

I kyrkjeleg propaganda vart jødane skildra som vonde og umenneskelege. Det vart til og med hevda at dei tilbad Satan. Med tilvisning til openberringsboki. 2:8-9 og 3:9 vart det hevda at gudshusi deira var Satans synagoge. Dette kann

ein sjå biletgjort i endå eit bilete eg hev studert der to jødar med røykjelse i hendene tilber den tronande Satan. Det var heller ikkje uvanleg å smelta saman bilete av jødar og Satan ved å portrettere Satan med ein jødering. (Vogt 1996 : 41-43).

I millomaldaren vart geiti sett på som Satans ridedyr. I millomaldaren kunde ein jamvel sjå framstillingar av jødar som satt på geiter. Slik fekk ein ut bodskapen um at jødane var develske og var Develens kompanjongar. Dette ser me i endå eit bilete. For å hevja fram at geiti høyrer til Develen, er ho utstyrd med klo. Her er geiti ein inkarnasjon av Den Vonde. Hædingi vert endå verre ved at jøden sit baklengs på geiti. At det er ein jøde det er snakk um, ser ein på jødehatten. (Vogt 1996 : 43-44).

Ei av dei vanlegaste formene for hændande karikaturar, var likevel å jamstella jødar og svin. Svin vart òg sett på som Develens dyr. Slik sett fekk ein fram at jødane var develske. Dette er spesielt støytande for jødane, siden jødedommen ser på svin som eit ureint dyr. Det er frå denne formi for karikaturar me hev fenge uttrykket "jødesvin". (Vogt 1996 : 44).

Det var vanleg å teikna ein flokk jødar som amma eit svin. Ein kunne òg uppnå den same verknaden ved å teikna ein jøde som sleikte dei develske dyri bak, el. et/drikk ekskrementi deira. (Vogt 1996 : 43). Dette vert illustrert i eit nytt bilete. Her ser ein fleire motiv i same bilete: Ein jøde sit baklengs på svinet, ein annan rekk ut tunga for å sleikja bakdelen til dyret og ei mengd jødar oppheld seg under svinet, der dei er travelt uppteke med å få i seg "næring". Eit litt ser-

Sank ein tingar til
Målmannen!

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

merkt fråbrigde av "svin-motivet" ser me i eit som er eit sokalla "vendebilet" av Moses og eit svin. Biletet referer til 2. Mos 32 og Luk. 8:32-33. I endå eit bilete hev me eit spelkort med jamvel eit av dei klassiske antisemittiske motivi. I tillegg til svinet ser me at jøden (med den lett attkjennelege jøderingen) held ein pengepose i handi. Dette skal få fram at jødane er griske og tek skyhøge rentor. Endå verre vert hædingi når kortet i tillegg er det kortet i kortstokken som hev lågast verdi (Vogt 1996 : 46-47).

I neste bilete eg ser på, gjer me eit stort hopp fram i tid. No er me på 1930-talet i Tyskland. Her driv nazistane ein intens propaganda, m.a. retta mot jødane. Eit av dei mest utbreidde propagandabladi var "Der Stürmer", utgjeve av den notoriske jødehataren Julius Streicher.

I nr. 9, 1943 ser me eit bilete med yverskrifti "Der Satan". Biletet framstiller ein ortodoks jøde (jamf. den svarte kalotten på hovudet, det lange skjeggjet og den svarte klesdrakten). Heile andletet hans hev eit utpekulert, vondt uttrykk. Ein fær inntrykk av at han pønskar på noko vondt, noko satanisk (jamf. overskrifti : "Satan"). Svart er òg sett på som vondskapens farge. Teksti nedst på sida segjer òg sitt, og samsvarar godt med biletet: "Jødane er vår ulukka!"

Her ser ein igjen biletet av den vonde og umenneskelege jøden, som er Satans tenar. bodskapen til nazistane hev her fenge ei "kristeleg" innpakning (http://en.wikipedia.org/wiki/Der_Stürmer)

I eit nytt bilete eg hev studert er me komme fram til våre dagar. Denne karikaturen er sannsynlegvis laga av den amerikanske kampanjen "No war for Israel". I eit flammehav finn me tri figurar samla kring ein jordklote. All tri ser temmeleg develske ut, den eine personen (i bakgrunnen) hev svært spisse øyro, noko som fører tankane yver på ein gnom. Båe dei tvo bakarste personane hev kalottar på hovudet. Dei er prydde med davidstjerna. I opphavsteikningi er kalottane i same farge som det israelske flagget. Båe desse hev utkropne og vondskapsfulle andletsdrag. I framgrunnen finn me ein Satanfigur (jamf. horni på hovudet). I panna hev han

eitt dollarteikn, på høgre arm ein hakekross. Han er òg utstyrd med hanskar, på dei finn me det amerikanske og israelske flagget. Med eit griskt, vondt andletsuttrykk ser han ned på jordkloten. Teikningi er òg utstyrd med tekst: "No war for Israel" ("Ingen krig for Israel"), "Stop the war, pigs" ("Stopp krigen, svin") og "Zionist pigs" (Sionistsvin).

Kunstnaren vil sannsynlegvis få fram at jødane (el. sionistane som dei her vert kalla) er vonde, ja like vonde som Satan sjølv. Dei er so utkropne at dei gjennom lobbyverksemd fær Sambandsstatane med seg (jf dollarteiknet og flagget). Ved hjelp av Sambandsstatane kann Israel føra krigar utan å taka omsyn til verdssamfunnet. Dei kann undertrykkja palestinarane på same måte som nazistane undertrykte jødar under krigen. På same måte som Hitler er dei ute etter å leggja under seg heile verdi (j. nazi-armbandet). Israel er eigenleg ikkje nøgd med sin litle stat i Midtausten, dei er lystne på å taka heile verdi. Dette er òg eit gamalt antisemittisk klagemål. Dersom ingi protesterar vil jødane til slutt føra verdi ut i kaos og krig (flammane). Ein merkar seg her bruken av ordet svin (sjå ovanfor). Denne teikningi kunde godt ha vore framsida på ei utgåva av det vidgjente jødehatskriftet "Sions vises protokollar". (<http://humwww.ucsc.edu/jewishstudies/antemitism.html> (28.04.06), http://no.wikipedia.org/wiki/Sions_vises_protokollar (28.04.06), <http://nowarforisrael.org/> (28.04.06)

Jødane som Jesu drapsmenn

Eit anna motiv som vart nytta med hagleik, var å framstella jødane som gudsmordarar. I det tiande biletet eg hev studert tek ein utgangspunkt i Matt. 26:57 ff. Det er Jesus som vert førd fram for øvstestepresten Kaifas. Jesus hev eit opphøgd uttrykk og ein glorie kring hovudet. Åklagarane hans er jødane. Dette vert symbolisert ved jødehattene. Biletet hevjar fram nådeløysa til jødane ved å framstella deim med breide smil um munnen. Igjen er det nytta anakronismar (jf. jødehattane). (Pedersen 2001: 31 og Vogt 1996 : 37 og 64).

I det 11. biletet eg hev studert vert gudsmordskuldingi utnytta til det ytste ved at det er tvo jødar som naglar Jesus til krossen, og ikkje romarske soldatar. Her òg kjem anakronismane inn som verkemiddel ved at jødane er utstyrd med hattar. (Jansen 1993: 17 og Vogt 1996: 37)

Den "ariske" Jesus

I neste bilete nr. 12, gjeng me igjen til "Der Stürmer". Framsida av nr. 13, 1936 hev ei viss kristeleg framtoning. Me er tydeligvis i ei kyrkja, jf krossen og ljosi i bakgrunnen. I framgrunnen ser me tri personar. Det er rimeleg å tru at personen til høgre er Jesus. Han hev alle kjenneteikn på den europeiske ("ariske") utgåva av Jesus som er mykje brukte i kunstverk: Halvlangt hår og skjegg. Ein legg òg merke til glorien på hovudet hans, og at ljuset frå vindaugo fell på honom. Jesus hev eit noko avvisande kroppsspråk (armane i kross). Han skuler mistenksam og tvilande burt på dei tvo andre. Mest sannsynleg er dette jødar som er gjengne yver til kristendomen. Kunstnaren som hev laga dette biletet vil sannsynlegvis ha fram at jødane ikkje passar inn i dette hopelaget. Jødane er undermenneske. På dette biletet godtek ikkje ein gong Jesus deim. Jesus høyrer til den rette, "ariske" rasen. Han synest det er fråstøytande å sjå raseframande element i eit Guds hus. (Wikipedia: Der Stürmer)

Her ser ein alto korleis nazistane pakka inn propagandaen sin i eit kristeleg biletspråk.


Ecclesia og Synagoga

For å få fram skilnaden millom kristendom og jødedom, nytta ein seg ofte av allegoriar. Dei vart kalla Ecclesia og Synagoga. Det fyrste er ein allegori på kyrkja (kristendomen), den andre på synagoga (jødedomen). Ecclesia vart som regel framstelt som ei oppreist, byrg kvinna, med ei staseleg fana ved sida si. Synagoga, derimot, er ein nedbøyg, blind og stakkarsleg skapning. Fana hennar er brekt i tvo, ho er nedkjempa av Ecclesia. (Vogt 1996: 113-115)

Dette er tydeleg i det 13. biletet. Her gjeng det fyre seg ein diskusjon millom kyrkja og syn-



**NYNORSK
ANTIKVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no

[nynorskantikvariat.no](http://www.nynorskantikvariat.no)

Mobil: 928 29 098

agoga. Kyrkja hev eit sint andletsdrag og gjer ein avverjande gest med handi. Slik vert det markert avsky for jødedomen. Her er blindskapen hjå synagoga serleg framhevja ved at ho hev ein slange rundt augo. Slangen er eit symbol på synd og Devel. Dette augnebindet hindrar henne i å sjå "sanningi", altså kristendomen. (Vogt 1996: 115)

I det fjortande biletet mitt vert Synagoga skildra i meir seksualiserte former. På dette biletet vert ho teikna som ei halvnaaki hora. Som vanleg hev ho bind for augo, slik at ho ikkje kann sjå at lovnadene i GT um ein frelsar er oppfylte av Jesus. Ein merkar seg òg at ho hev eit fast grep om hornet på geiti. Som eg nemnde tidlegare er geiti rekna som eit develsk dyr. På dette biletet symboliserar ho i tillegg blygsel. (Vogt 1996: 114)

I det femtande biletet mitt ser me ei "gravferd" av Synagoga. Her er ho meir respektfullt framstelt. Ho fær ei kongeleg gravferd i ein sarkofag. I tillegg til kvinnefiguren ser ein òg dei tvo tavlone som inneheld dei ti bodordi. Dei som skynar gravferdi er Jesus og dei fire evangelistane. Ecclesia ser på det det heile. Her vert kristendomens siger yver jødedommen symbolisert: Kyrkja lever, Synagoga er død. (Jansen 1993: 18).

I bilete 16 vert me vitne til eit "brudlaup". T.h. tek kring Jesus si brud, Ecclesia. Me kan sjå at det er Kyrkja det er snakk um gjennom krossen øvst på fana. Til vinstre vert Synagoga vist burt av Jesus. Synagoga er no bannstøytt. Dette vert vist ved at fanestongi hennar brekk. (Vogt 1996: 120)

Bilete 17 omfattar ein type målarstykkje som vert kalla "Den levende krossen". Her møtest Synagoga og Ecclesia til turnering under Jesu kross. Ecclesia kjem triumferande ridande på eit evangelistsymbol. I handi hev ho ein kalk som ho fangar opp blodet frå Jesu side i (eit symbol på nattverden el. kommunionen). Synagoga kjem haltande på ei halvdød geit (develens dyr). Me ser at "høgare makter" grip inn på ein-underleg måte: Krossarmane vert "levande". På høgre sida vert det strekk ut eit sverd som gjennomborar hovudet til Synagoga, medan den vinstre armen velsignar kyrkja. Symbolikken er greid: Gud hev forkasta den blinde Synagoga (jødedommen) av di ho ikkje hev godteki Hans frelse, Jesus Kristus. (Vogt 1996: 129 og Jansen 1993: 25)

Omskjeringi kontra dåpen

I vedlegg 18 vert den jødiske omskjeringi av gutebarn sett i kontrast til den kristne dåpen. Nedst til vinstre ser me eit lite barn som er i ferd med å verta umskore. I flokken som stend rundt denne hendingi ser me noko som kann minna um ein devel-skapnad. Denne skapnaden lener den eine handi på hovudet til den som utfører omskjeringi. Develen ser ut til å ha klauvar i staden for føter og er utstyrt med horn. Etter folketrui er dette nokre av Satans kjenneteikn.



Moderne antisemittisme frå 2008.

Øvst til vinstre ser me derimot ein person som er i ferd med å døypa seg. Han lener seg yver ein døypefont. Til høgre for honom stend ein person som liknar på ein biskop, jf. den servorne hatten på hovudet. I midten finn me den krossfeste Kristus. Blod frå føtene og hendene hans renn ned i døypefonten. Dette skal nok symbolisera at frelsa berre finst i Jesu blod, ikkje i den develske, jødiske omskjeringi. (Jansen 1993: 46)

Avslutning

Som me hev sett i denne gjennomgangen, hev jødane og jødedomen vorte framstelt som svært usympatisk innanfor den kristne kulturen. Jødane hev vorte stempla som Satantilbedarar, vonde og svikefulle, griske og ikkje til å lita på. Den jødiske religion hev òg vorte dømd nord og ned. Gud hev forkasta denne religionen. Desse haldningane hev fenge forferdelege fylgjor, gjennom alt frå dei russiske pogromane til Hitlers Holocaust.

I dag er antisemittismen igjen på frammarsj. I avisone fær me vita at dei fleste unge jødane som veks upp her i landet, flytter ut når dei vert

vaksne. Dei kjenner seg ikkje godtekte som jødar her i Noreg. Me hev òg fenge rapportar um at jødar vert mobba, trakasserte og truga, berre fordi dei er jødar. I Frankrike er jødiske gravlundar vorte vandaliserte. Dette er skremmande tendensar, og me kjenner spori av dette frå eldre tider. Me må læra av saga, slik at Holocaust ikkje hender oppatt.

Kilder

- Bibelen Oslo: Norsk Bibel AS
 Eitinger, Leo (1985): Mennesker blant mennesker Oslo: J.W. Cappelens Forlag
 Jansen, Hans (1993): Antisemittismen Straume: Sambåndet Forlag
 Johansen, Karl Egil (2004): Fordomar og fiendskap – samkjensle og solidaritet I: Historisk tidsskrift, nr. 3, 2004
 Kirschner, Rolf (2004): Er det umulig å lære av h i s t o r i e n ? , <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article823645.ece> (28.04.06)
 Marendy, Peter M.(2005): Anti-Semitism, Christianity, and the Catholic Church: origins, Consequences, and Responses. I: Journal of Church & State, vol. 47 Issue
 Pedersen, Hans P. (2001): Med ryggen mot muren Oslo: Rex Forlag
 Sannhetens Ord Bibelsenter (2005): La oss ikke glemme, la oss vite (CD) Slemmestad: Sannhetens Ord Bibelsenter
 University of California (2003): Conference, <http://humwww.ucsc.edu/jewishstudies/antisemitism.html>
 Vogt, Judith (1996): Jødens ukristelige image København: C.A. Reitzels Forlag
 Wikipedia (2006): Anakronisme, <http://no.wikipedia.org/wiki/Anakronisme> (28.04.06)
 Wikipedia (2006): Der Stürmer, http://en.wikipedia.org/wiki/Der_Stürmer (28.04.06)
<http://nowarforisrael.org/> (28.04.06)



Senter
mot
antisemittisme

Telefon:
21 94 00 00

Epost:
post@antisemittisme.no

Web:
www.antisemittisme.no

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljgt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på post@antisemittisme.no eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

Den trojanske hesten i målrørsla

Av Thoralf Bergwitz

Eller er det "Kerkaporta" i Bysants som er komi inn i målrørsla?

Den Trojanske hesten var noggrant planlagd – og vellukka til å hertaka borgi Troja med, men Kerkaporta – den attglymde døri – var ei hendelegt uheppe – men like fullt det avgjerande ved hertakingi av den uinntakalege borgi Bysants – som - ved sida av Rom – var senteret for den kristne kulturen på jorkula.

Båe hendingane fekk katastrofale fyljer for noko verdfullt – som gjekk tapt for alltid. Noko tilsvarande kann hende i ei kvar ideologisk rørse når det kjem lagsmenn med motsette hugsmål til rørsla - inn i rørsla - og tek til å hevde dei motsette hugmåli enn dei som rørsla er grunnlagd på. Ei fråhaldsrørse t.d. kann skifte fyriløge ved at einkvan innvald lagsmann tek til å eggje upp fyr alkoholen som ei velsigning fyr menneskjet – og soleis få dei hine i rørsla til å tru på at det er sant!

Målrørsla er grunnlagd på det som Ivar Aasen lagde fram i sitt språkvitenskaplege arbeid. Med andre ord - dette er grunnlaget for einkvar som melder seg inn i eit eller anna mållag, hev bundi seg til å fylje – og til å vera med i striden for å fremje denne fyreløga – m.a. det å fremje kunnskap og hugsmål i at det finst eit NORSKT tungemål – eit talemål og skriftmål – ved sida av det som vart innført av ei tidlegare okkupasjonsmakt enn den Nazi- tyske i 1940-45.

Målrørsla – som so mange andre lag og samskipnader – er utsett for "nye impulsar" – "modernistiske" vert dei gjerne kalla - eit ord som hev ein fengjande klang – ved sida av ord som gjerne hev ein odiøs – ein atal klang. Eit slkt ord er lengje nytta i samband med det "modernistiske" – det er "konservativt"! Og når desse ortdi vert nytta av folk som er innmelde lagsmenn i målfylkingen – so er det – som med den Trojanske hesten og Kerkaporta – den attglymde dør – det som kann knekkje einkvar framgang for norskdomen i tungekålet her til lands. Namnet NOREG er sjølvaste FANA for norskdomen og for målrørsla her i landet.

Og når då ein som gjev seg ut for vera ein forkjempar for norskdomen – kjem med eit innlegg i det gjævaste organet for det innførde tungemålet her i landet – og riv ned sjølvaste FANA for norskdomen og målrørsla – so er det å rekne for det

sterkaste vapen imot det som vedkommande talsmann gjev seg ut for å vera ein forkjempar for.

Odd Gunnar Skagestad – i "Striden om stadnamna" (17. juni 08 i Aftenposten) - er ikkje den fyrste som fører denne form for målstrid. Olaus Fjørtoft var – etter det eg veit – den fyrste – og dei er komne i flokkevis seinare – og held stendig på – i det same rennet – og hev teki hegemoniet – nærast totalt - i målrørsla

Den sterkaste avnorskingen – i nyare tid – kom i 1938 – med ny rettskriving for skulane. Endå verre vart det i 1959 – med den sokalla læreboknormalen, og sidan er denne lina fylgt – og vert fylgt framleides – dersom det ikkje no vert eit umskifte som er i samsvar med stortingsvedtakjet um at "sammnorsklinga" i språkpolitikkjen er oppheva.

Når det so gjeld – FANA åt målrørsla - NOREG-namnet, so hev eg henta inn litt historisk kunnskap um korleis det gamle landsnamnet NOREG vart umgjort til NORGE, som eg hev bedi um å sleppe til med i Aftenposten KULTUR som eit tilsvar til innleggjet frå Odd Gunnar Skagestad. (Det høvde ikkje for kultureddaktøren å taka det inn der). Hendingi med namnebytet – er grunnlagd - faktisk - på ei villskriving og ei mistydning.

Innleiingi til denne ovringi kom under tidi då dronning Margrethe hadde styringi i landet vårt (ilag med Danmark og Sverige). Då kom det inn ein underleg ny skriveregel. Den gjekk ut på at det vart førd inn ein G for – der det i sume ord – hadde vori ein I. I ord som velie, selie, telie, vart det no skrivne - velge, selge og telge. Me fekk då – i Noreg - i fortid av ordi valgte, solgt og telgte – med uttale – som – valkte, solkte og telkte - for nordmenn visste ikkje at det framleides var ein i – i desse ordi! Me fekk soleis ein heilt ny uttale av ei rekkje ord. Dette førde med seg at folk vart i villreide um når dei skulde skrive (nytte) ein G for ein I – i tillegg til at dei vart i villreide um det var ein EKTE G dei såg – eller um det var ein I.

Restir av denne villskrivingjen, den finn me att - enno i dag – i ord som me nyttar sers mykje, so som i pronomeni meg, deg, og seg (I BOKMÅL) – der uttalen er mei,dei og sei – endå um her er

g-en ein ekte G – og soleis ikkje ein i ! Dvs. villskrivingen er vorten ein REGEL!

Når det gjeld namnet på landet vårt – som i mange hundradår var NOREG, so var det ein r i enden av ordet – Namnet var NOREG. Det var ei veile med det at det var tvo tviljodar (konsonantar) som kom etter kvarandre, det ikkje då heilt greit å uttale ordet. Dette førde med seg at det vart lagd inn ein ein vokal – ein sjølvljod - millom desse tvo tviljodane Denne sjølvljoden fekk og eit serskilt namn – han vart heitande – SVARABAKTI-VOKALEN. Dette ordet (namnet) er henta frå det gamle indiske tungemålet som vert kalla sanskrit - og tyder – rett og slett - hjelpevokal. Landsnamnet vart då NOREG. Dette førde med seg – at ENDINGS - R-en hadde lett for å falle ut i talen – og endåtil i skrift. Me fekk då namnet NOREG (i dativ).

So syntet det seg - i danske dokument - at danskane hadde ein serskild godhug for I-en – og valde å kalle landet vårt for NORIGE. Sume granskarar trur at likskapen med SVERIGE er årsaki til denne danske skrivemåten av namnet på landet vårt.

Men so kom det endå ein sokalla "utvikling" som me kann takke danske skrivekunnege for – det var tydeleg ein form for rasjonalisering!

Dei tykte synbertt - at namnet inneheldt tvo - i-ar - den eine i-en skriven som i – den andre i-en var skriven som ein G ! Den danske uttalen var dessutan nær NORIE. Den NORSKE uttalen var heller ikkje langt undan – i og med at g-en var helst ein blåseljod slik at namnet vart uttala i samsvar med det. Namnet NOREG vart då meir likt NOREJE. Det vil segja at den harde G-en i landsnamnet den var aldri med - i korkkje NOREG eller NOREG – korkkje i norsk eller dansk uttale.

Men enno er me ikkje framme! Tvo i-ar ved sida av einannan – var tydeleg ein i for mykje. Ein -i- kunde difor kuttast ut! Kva for ein i – var då den minst viktuge? Me må då koma i hug at den i-en som var komen frå kongehuset (dronninghuset) – det var den gjævaste – og det var G-en ! Difor tok danskane til å skrive NORGE! Men - som sagt – G-en er her – for dansk tunge – heile tidi – ein - I -! Dvs. NORIE – der E-en faktisk er svarabakti-vokalen – dvs. ein hjelpe-

vokal for å lette uttalen – og som heller ikkje er høyrande i dansk tale.

Men då nordmenn fekk sjå denne skrivemåten av namnet på landet sitt (sitt er sterkt sagt) - so oppfata nordmennene – som kunde tala BETRE dansk enn danskane sjølve – dei oppfata denne falske G-en som ein ekta G – og ikkje berre som ein falsk G (ein i) – men som ein HARD g - ein eksplosiv G. Det er soleis so rav-gali som det kann vera!

Soleis vart det gamle kjende og kjære NOREG til NORGE – med både ein falsk G – og ein heilt ny og falsk uttale.

Men denne måten å uttale namnet på – den er for dei ”kondisjonerte” - dvs. for dei som tala dansk mål med norsk tunge. For den norsk-ætta nordmannen var (og er) uttalen nær Norje- ved sida av Nore – som er ei form for uttalen av Noreg!

Dette finst det klare dokumentasjonar på i gamle dokument! Professor Didrik Arup Seip freista å finne grunnlag for at namnet NORGE var ”utviklet på norsk grunn”. Dokumentasjonane hans er dugeleg viste attende av professor Gustav Indrebø, og endå tydelegare av Jakob Naadland – og endå til av sonen åt Jakob

Naadland – Vilhelm Naadland.

Det høyrer med til soga um landsnamnet at professor Didrik Arup Seip hadde sitt

grunnlag i norskkunnskapen sin som MÅLMANN! Me kann då undrast på um han var ein ny Olaus Fjørtoft ? dvs. den verkelege føraren av den trojanske hesten i målfylkingen?

For ein målmann å leggje grunnlaget for ”rett” og ”urett” um landsnamnet - i loven vedtekjen av danskætta og dansktalande og danskskrivande talsmann på rikssamlingen på Eidsvoll i 1814 – er litt av eit paradoks, men heilt i samsvar dei som hertok Troja og sameleis med dei som hertok Bysants den 29. mai i 1453. Per Sivle sagde med Eirik Jarl som grunnlag: ”Stødt det nordmenn lyt vera med – når NOREGS merkje skal hoggast ned”! Etter som det på den same sida som det ovanfornemnde innleggjet i bladet Afenposten - er prenta ein hylling til Henrik Wergeland – tykkjer eg det er høvelegt å nemne at det menneskjet som truleg brann sterkast for at Noreg skulde få sitt sereigne norske skriftmål – var nettopp Henrik Wergeland. Ein gong han høyrde

”ein underleg lund” spela av ein spelemann. - då spratt han upp - og sa: ”Hva fanden er det du spiller der? Om igjen! Hvor har du den fra? Syng om du kann!” ”Lunden” var – ”I fjor gjætt eg gjeiti i djupaste dalom”. Frå den dagjen var Henrik Wergeland ein brennande ihuga målmann. Men han kjende ikkje noko av det som Ivar Aasen – seinare - fann fram til av det norske tungemålet.

Dersom ikkje denne sida av det som Henrik Wergeland brann so sterkt for, er med i heideren – so er ikkje heideren fullverdige!

Kom òg i hug – at det vart gjort eit SAMRØYSTES VEDTAK på riksmøtet i 1814 – um å stengje jødar ute frå tilgang til landet vårt – der far åt Henrik var med! Neppa nokon etnisk nordmann vil gjeva vyrndad til dette vedtakjet i dag – og neppa nokon nordmann vil - i dag - halde dette vedtakjet for gjeldande vedtak ! Difor er det å nytte vedtakjet på riksmøtet på Eidsvoll i 1814 – um det landsnamnet som er bygd på so mykje villskrivning og mistyding – det må det vera lov til å karakterisere som eit stort paradoks!

Sterk framstilling av livet til afro-amerikanarar på 1900-talet

Av Lars Bjarne Marøy

Jacob Lawrence er ein målar som imponerar ein. Phillips collection i Washington hev havt ei utstilling av Lawrence som varde fram til i oktober, og den var vel verd ei kringferd.

Lawrence vart fødd i 1917 i Atlantic City New Jersey. Då Lawrence var 13 år flutte han saman med mor si, ei syster og ein bror til New York. Mor hans fekk han inn på ein skule for kunst og handverk i Harlem. Her vart ein av lærarane interesserte i han.

Lawrence slutta på skulen då han var 16 år, men tok kurs på Harlem Art Workshop. Ein mentor fekk han i den afro-amerikanske læraren hans Charles Alston. Alston kveikte han òg til å gå på Harlem Community Art Center som vart leidd av skulptøren Augusta Savage. Savage skaffa Lawrence arbeid. Samstundes fekk han høve til å arbeida med dei sokalla Harlem-renessanse kunstnarane som Alston og Henry Bannarn.

Lawrence var ein av dei fyrste amerikanske kunstnarane som var opplærde av det svarte samfundet i Harlem, og det var millom folk i Harlem at han fyrst fekk respekt og interessa. Men han var òg den fyrste afro-amerikanaren som fekk hjelp frå vanlege kunstmuseum og frå oppkjøparar utanfor det svarte samfundet. Det var utan

tvil ein prestasjon i ein periode då det var lovleg å driva institusjonalisert raseskilje. Alt som 24-åring vart Lawrence med i The downtown Gallery, og han vart den fyrste med afro-amerikansk bakgrunn som kom inn på eit stort, leidande og kommersielt kunstgalleri.

På den tidi då Lawrence slo igjennom var New York klårt delt millom kunstnarane ned i byen og kunstnarane uppe kring Harlem. Lawrence var i den unike posisjonen at han var umtykt baa stader. Det var eit privilegium, men det var òg fylt av store emosjonelle utbydingar. Lawrence vart prega av dette. Han var skeptisk til dei kunstnarane som vilde fjerna alle forteljande og litterære referensar frå arbeidi sine. Han meiner at kunsten er eit alt for viktig møte millom menneske til at ein kann redusera kunsten til formeksperiment.

Med si spesielle tilnærming som ein motstandar av formeksperiment hev Lawrence like fullt fenge fram klare budskapar. Han hev laga ei halvabstrakt form som fær fram store sosiale og filosofiske tema frå det tjugande århundradet., serleg med omsyn til afro-amerikansk migrasjon i USA, manuelt arbeid, krig familieverdiar, utdanning, mental

helsa og kreativitet. Lawrence fekk fram noko anna enn det stereotypiske biletet av afro-amerikanarar og laga intense sosiale kommentarar som syntte verknadene av rasisme og sterke fordomar i den amerikanske kulturen. Han var serleg dugande til å skjera igjennom til essensen av desse emni gjennom elementære former, og den evna er unik og med på å definera fleire sidor av arbeidet hans.

Lawrence vil ikkje alludera til ulike rasekonfliktar gjennom formeksperiment, men han gjer det i si form anten beinveges eller gjennom allusjonar til raseskiljet gjennom det tjugande århundret i bileti sine..

I 1970 slo Lawrence seg ned i Seattle, Washington og vart kunstprofessor ved Washington- universitetet. Nokre av bileti hans er plasserte der.

Lawrence vart påæra med mange prisar og hev vunne stor aksept fleire stader i Sambandsstatane. Han var kunstnar, lærar og arbeidde med humanitært arbeid. NAACP, den amerikanske organisasjonen til fremja av framgang for farga menneske gav han ei utmerking dei kallar Spingarn-medaljen i 1970 for hans fenomenale framgang. I 1974 heldt Whitney museum of american art som

B



ISSN-1503-2469

ligg i New York ei storfeldt retrospektiv utstilling av arbeidi hans. I 1998 fekk han den høgaste utmerking som finst i Washington state: The Washington Medal of Merit. Han fekk den amerikanske nasjonale medaljen for kunstnarar i 1990.

Fleire stader i Sambandsstatane finn ein kunst av Jacob Lawrence til dømes i dei store musea i New York. I mai 2007 kjøpte den historiske samskipnaden for Det kvite hus eit kunstverk av Lawrence: Byggjarane frå 1947. Dei gav 2,5 millionar dollar for det på ein auksjon. Målarstykkjet heng no i det grøne romet i Det kvite hus.

Då Lawrence døydde 9. juni 2000 kalla New York Times han: "one of America's leading modern figurative painters" and "among the most impassioned visual chroniclers of the African-American experience." Kona hans døydde i 2005. Etter at dei var døde vart det formelt dana ein skipnad: the Jacob and Gwendolyn Knight Lawrence Foundation. Stiftingi forvaltar både pengar og verdiar etter Jacob og Gwendolyn.

Kjeldor

http://en.wikipedia.org/wiki/Jacob_Lawrence

Peter T. Nesbert og Michelle DuBois, *Ovre the line, the art and life of Jacob Lawrence* Jacqueline Trescott, *Green Room Makeover Incorporates a Colorful Past*, Washington Post, September 20, 2007. Accessed 29 December 2007.

New York Times "Jacob Lawrence Is Dead at 82; Vivid Painter Who Chronicled Odyssey of Black Americans" By HOLLAND COTTER Published: June 10, 2000

New York Times "Gwendolyn Knight, 91, Artist Who Blossomed Late in Life, Is Dead" By CHRISTOPHER LEHMANN-HAUPT Published: February 27, 2005



Jacob Lawrence. Sjølvpportrett frå 1977.

Norsk Grammatik i sal

Norsk Grammatik av Leiv Heggstad frå 1913 er no komi i nyprent, fortel ein melder i Vestmannen. Boki er eit fotografisk avprent av den opphavlege utgåva, men med nytt fyreord av Lars Bjarne Marøy. Det er ein namnlaus gjevar som stend attum utgjevingi. Utgjevingi kom etter oppmoding frå Målmannen, og boki skal kunna tingast frå Norsk Bokreidingslag. Um nokon kann finna fram Norsk Ordbok frå 1924, vil Målmannen freista å få ut den boki òg. Det er plent turvande med slike bøker um folk skal læra seg høg-norsk.

Godt år for Målmannen

Målmannen hev freista å halda ruta i år som i fjor, men nummer fire vart som de

merka litt seinka. Det kom seg ikkje av at arbeidet i bladstyret gjekk trått, men av at me vart tvinga til å byta prenteverk. Med nytt prenteverk vonar me at det skal lukkast å halda ruta med fem nummer til faste tider. februar, april og juni på vårparten og september og november/desember. Bladet hev jamt tilsig av tingarar, men økonomien er ikkje so god som ynskjeleg og bladet må no som i tidlegare år, takka varmt for dei mange gåvone me fær, utan gåvor vilde det ha vore uråd å halda fram.

Me ynskjer oss stødt nye skribentar. Bladstyraren kjem til å verta mykje uppteken med utanlandsstudia til neste år og beste hjelpi han og bladstyret kann få er fleire skrivande hjelpesmenner.

Målmannen treng folk som skriv høg-norsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Njårds veg 10, 2214 Kongsvinger

Sluttordet:

Me er ikkje redde for å fylgja sanningi kvar enn det måtte føra oss, eller for å tolerera nokre mistak, so lenge vitet stend att for å stridast med sanningi.

Thomas Jefferson